



Det er ein fin tradisjon som helslagsmedlemmene følger opp når dei pakkar julegåver til Valen. Pakkinga skjer i AFA-lokalane. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Mange lag og organisasjonar gjer ein stor humanitær innsats no i førjulstida og ein av dei er Uskedal helselag, som blir 90 år i 2007.

Måndag kveld var 14 av medlemmene i arbeid med det som har vorte ein hyggeleg tradisjon: Pakking av julepakkar til pasientane på Valen. Tradisjonen er no fleire tiår gamal.

- Kven som kom på ideen veit eg eigentleg ikkje, men det er grunn til å tru at Tjerand Lunde var sentral også her. Det var ein god og varm ide, for mange av pasientane fekk knapt nok ei gåve til jul. Det galdt til dømes slike som ikkje hadde pårørande, seier leiar Selma Eik til uskedalsposten.no.

Dei fingernemme damene pakkar 100 pakkar kvart år og gjer unna jobben på eitpar timar. I pakkane er det alltid søtsaker og denne gongen var det twist. Pakkane inneheld også ei julehelsing frå helselaget. Pakkane blir sendt til Valen med ein som jobbar der og er eit hyggeleg innslag på julekvelden.

Men dei iherdige uskedelingane formidlar også ei anna spesiell gåve: To gonger i året, på våren og til jul, sender dei babysokkar til "Føden" på Stord. Dei strikkar sokkane sjølv gjennom året og også dette er ein lang tradisjon som har festa seg.

Sokketalet varierar sjølvst, men denne jula inneheldt "lageret" 50 sokkar.

Av Ola Matti Mathisen



Dei fingernemme damene i helselaget pakkar 100 julepakkar til Valen-pasientane på eitpar timar. Leiar Selma Eik er nummer to frå høgre.
(Foto: Ola Matti Mathisen)